

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 06.04.16
FRÅ: Kst. Administrerande direktør Ola Rye
SAKSHANDSAMAR: HR- og organisasjonssjef Berit Berntsen

SAKA GJELD: **Administrerande direktør si orientering**

ARKIVSAK:
STYRESAK: **013/16**

STYREMØTE: **13.04.2016**

OPE DEL

1. Rapportering tilsynssaker

*ingen nye saker

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Heimel for å lukka styremøte og unnta saker frå offentleg innsyn.

Administrasjonen har hatt dialog med Helse Vest RHF vedrørande bruk av ulik lovheimel ved vedtak om å lukke styremøte og ved vedtak om å unnta dokument frå offentleg innsyn.

Årsak til bruk av to ulike lovheimlar kjem av endring i Helseforetakslova for nokre år sidan. Opphaveleg hadde ikkje Helseforetakslova eiga fråsegn om åpne/lukka styremøte. Ein hadde då ein praksis med at føretaksmøtet vedtok at styremøta skulle være åpne, men at det var høve til å lukke møta ut frå dei same argumenta som gjeld for å unnta dokument frå offentlegheit i høve til offentleglova. Det medførte at i praksis vart same heimel nytta for å lukke eit møte som for å unnta dokument frå offentlegheit.

For nokre år sidan ble helseføretakslova revidert, mellom anna med tanke på å fange opp dei endringar som over tid hadde funnet stad i praksis. Ein fekk då ein ny regel i helseføretakslova (paragraf 26a) som regulerer møteoffentlegheit og på kva grunnlag møta kan lukkast. Og det skal visast til denne ved vedtak om å lukke styremøte. Grunnlag for å unnta eit dokument må framleis finnast i offentleglova. Ein må såleis skile på heimel for å lukke møtet (Helseføretakslova) og heimel for å unnta dokument frå offentleg innsyn (Offentleglova).

3. Oversikt over aktuelle høyringar

*notat ligg ved

4. Status utgreining organisering av sjukehusapotekføretak

*munnleg orientering

5. Strategiarbeid, Helse 2030

*munnleg orientering